

Den 17. april var Einar Syftestad og eg ut til Sorgenfri til Tov Wetterhus eit ærend, hugsar ikkje kvifor. Men då me for forbi Utsund (Kvitsund), såg me mange bilar, men tenkte ikkje over det.

Morgonen den 18. hadde Sverre Skarprud og eg tenkt oss opp på Bandak og brenne tjøru, men ca. kl. 7.00 om morgonen kom Svein Landsverk og fortalde at Einar var arrestera om natti. (Me budde på Syftestad). Randi tok og pakka ut att sekken eg skulle ha med. Eg reiste ut på gangen. Då såg eg ein bil (til Otto Kleiv) som kom hitetter. Då sa eg: «Nå er det visst best at eg stikk». Akkurat då stoppa bilen rett nedom husi. Eg sprang bak huset og oppetter bakken. Tri frontkjemparar hoppa ut av bilen og byrja skjote med mp. Eg kjende eit slag i beinet, og tenkte: nå fekk du det, men det var bare ei kule som gjekk so nere at eg kjende trykket. Eg kom opp i skogen, og då kjende eg meg berga.

Eg hadde ikkje fenge sko på meg. Eg gjekk i loddar og kalosjer. Desse mista eg, so eg hadde bare ein lodd på meg då eg kom opp i skogen. Sprang for livet. Klatra opp Lislandnuten, sat der i ei liti skorte og såg at Sigrid Skarprud sprang ned til prestegarden, og at Johans gjekk inn på låven. Han truddde eg var skoten, etter det frontkjemparane sa då dei kom ned att til husi. Sigrid reiste til presten (Bjørgum) for at han skulle seia det til Randi. Presten kom og fortalde at eg låg daud uppe i skogen. «Har de sett han?» sa ho. «Nei!» sa han. «Da tror jeg det ikke», sa Randi, «men kanskje han ligger der oppe og forblør».

Men eg for vidare opp fjellet, over mot Tveitgrendi skule og ned mot Utbøen, over veggen ved Karlsrud. Og so kom bilen med frontkjemparar att. Dei hadde vore og henta Sverre Skarprud. Eg stod so fatig bak ei furu 30 meter frå veggen, og ynskte berre at eg hadde hatt US-carabinen. Fint skot på bilhjula i motbakken.

Eg for då burt til Bekkhus, og låg ved revagarden og småplistra. Då kom Ingebjørg ut og kom burtetter. Då fortalde ho at Brynjulf hadde reist opp i Tveitgrend for å varsko folk der. Ho sende Ella, (kona til Olav Bekkhus) ned til Randi for å seia at eg var i orden, og at ho skulle take med seg colten min opp til meg. Dette gjorde ho. (Modig gjort å gange med slikt i veska si då). I mellomtida kom Brynjulf att, og han hadde høyrte at eg var skoten. «Han er borte i åsen her han», sa Ingebjørg. Då Brynjulf kom burt til meg, tok han og kjælte meg. Det gløymer eg aldri. Litt seinare på dagen fekk eg colten og 7 patronur. Då kjende eg meg trygg.

Fyrste natti låg me, Olav, eg og Olav Skarperud, uppe i Bandaksfjellet.

Men den som berga meg frå Grinitur var Dag Hansen, som fekk hefta frontkjemparane og Gestapo so lenge at han tenkte eg hadde fenge bod og kome unda.

Arne Nordskog